

Bestanden synest å ha minka, men det hefter stor uvisse ved dette resultatet.


Denne ressursen har ikkje vore utnytta av norske fiskarar sidan byrjinga av 80-åra, og ikkje i nemneverdig grad sidan byrjinga av 70-åra. Russiske fiskarar har fiska polartorsk meir eller mindre samanhengande sidan byrjinga av 70-åra, men utbyttet har variert mykje frå år til år (Tabell 2.4.1).

Bestanden har vore kartlagt ved hjelp av akustiske undersøkingar kvar haust sidan 1986 (Figur 2.4.1). Han tok seg opp att etter å ha vorte redusert i storleik i 1988-1990, til eit relativt stabilt nivå på rundt 0,5 millionar tonn. Frå 1997 til 2001 har den estimerte mengda polartorsk stege jamt frå omtrent 0,5 millionar tonn til 1,9 millionar tonn. Målinga i 2002 er lågare; 1,3 millionar tonn, men noko av nedgangen frå 2001 til 2002 kan skuldast at området vest av Svalbard, der det vart funne over 200.000 tonn polartorsk i 2001, ikkje vart dekkja i 2002. I 2003 vart det målt vesentleg lågare mengder polartorsk; berre 280.000 tonn. Det knyter seg stor uvisse til dette talet, fordi det russiske fartøyet som dekkja det viktigaste polartorskområdet, kom ut for kraftig uvêr då dei tettaste konsentrasjonane vart dekkja, og det er grunn til å tru at dette kan ha ført til underestimering av bestanden.

Data frå dei årlege internasjonale 0-gruppeundersøkingane og dei etterfølgjande loddeundersøkingane i Barentshavet viser at rekrutteringa har vore god i 90-åra, med unnatak av 1995 då det var ein drastisk reduksjon i mengda av yngel. Det synest også å ha vore ein liten nedgang i rekrutteringa i 2000 og 2001. I 2002 var 0-gruppeindeksen mellom dei høgaste som har vore målt, og i 2003 også over gjennomsnittet. Dekninga av polartorsk yngel er ikkje komplett under 0-gruppetokta, og variasjonen kan derfor også spegla variasjonar i utbreiing av yngelen. Den naturlege dødsraten i bestanden er svært høg, noko som truleg har samanheng med at polartorsk er eit viktig byttedyr både for sel og torsk.

Summary

Norway took some catches in the 1970s and Russia has fished polar cod on a more or less regular basis since 1970. The catches since 1993 are shown in Table 2.4.1. The stock size has been measured acoustically since 1986 and the stock has fluctuated between 0.1-1.9 million tonnes. The abundance in 2003 was estimated at 0.3 million tonnes, but this is likely to be an underestimate of the stock size, because of difficult weather conditions during the coverage of the main concentration of polar cod.



POLARTORSK - *Boreogadus saida*


Gyteområde: Truleg i to område av Barentshavet, søraust ved Novaja Semlja og nordvest ved Svalbard.

Oppvekstområde: I det austlege Barentshavet og ved Svalbard.

Alder ved kjønnsmodning: 2-4 år.

Vert sjeldan meir enn 20 cm lang og eldre enn 5 år.

Biologi: Ein reint arktisk art som kan leve i vatn ned til -1.5°C , fordi han har molekyl i kroppsvæska som hindrar danning av iskrystallar. Arten er semipelagisk, dvs han held seg vanlegvis nær botnen, men føda er for det meste pelagiske planktonorganismar som raudåte, krill og amfipodar. Polartorsken gyter pelagiske egg, ofte under isen om vinteren eller tidleg om våren. Egga vert klekte først etter 1.5-2 månader, og utpå hausten er yngelen 2.5-3 cm lang.




Tabell 2.4.1

Polartorsk. Fangst (tusen tonn) i Barentshavet.

Polar cod. Landings (thousand tonnes) from the Barents Sea.

	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002
Russland	5	20	30	11	1	20	35	41	38

Kjelde: PINRO.**Figur 2.4.1**

Polartorsk. Bestandsestimat ved hjelp av akustikk frå 1986 til 2003.

Polar cod. Acoustic stock size estimates from 1986 to 2003.